

## Høyringsinvitasjon og mal for høyrings svar

Sak	<b>Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi</b>
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	08.12.16 utsatt til 13.12.16
Send høyringsinnspel til	<a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> ; <a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a>
Bakgrunn for saka	Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøring av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.

Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).

Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):

### **Kap 3 Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald.**

Rapporten er ikkje heilt enkel å lesa og det kan vera vanskeleg å kjenna att sine fagfelt. Ein del av teksten er ullen og ikkje i tråd med dagens organisering av utdanningane våre. Heller ikkje alle omgrepa som er nytta er lett å kjenna att. Til dømes bør det presiserast at termen idrettsvitskap må nyttast i staden for omgrepet idrettsfag. Idrettsfag er nytta ved vidaregåande skule, ikkje høgskulen.

Men mykje er og spennande og om dette er forarbeid til strategisk plan for den nye høgskulen, er det ein del interessante oppspel som kan utviklast vidare gjennom fleire handsamingar.

Det er tydeleg at fag og innhald ikkje nødvendigvis føl oppspela i delprosjekt «leiing og fagleg organisering» og det er tydeleg at universitetsambisjonen påverkar innhaldet. Her er det snakk om premissar for utforming av ph.d. – utdanningar, og at bachelor og masterutdanningane må sjåast opp mot dette målet. Dette kan på den eine sida vera bra og målretta, men på den andre sida gjera bachelorløpa meir rigide. Meir konkret meiner me på s.19 der livsstil, helse og livskvalitet er overskrifta bør bachelor i idrett, fysisk aktivitet og folkehelse bli nemnt i tillegg til master i idrettsvitskap og bachelor i folkehelse. I den samanheng er det og viktig å nytta seg av omgrepet helsefremming som del av arbeidet med for å skapa sunne livsstilendingar.

I vårt høyringsinnspel til delprosjekt om leiing og fagleg organisering kjem me med forslag om «Western School of Sport Sciences»(Idrettshøgskulen på Vestlandet). Idrettshøgskulen på Vestlandet vil med sitt fokus på idrett, kroppsøving, friluftsliv og folkehelse spegla Vestlandet og vestlandsidentiteten som er ein grunnleggande del av HVL sin plattform. Idretten står sterkt på Vestlandet, me ligg på topp på nasjonale prøvar og HiSF har hatt eit særst godt samarbeid med utdanningssektoren i regionen. Me har unik natur og ein kultur

## Mal for høyringsinnspel

for å bruke den, og er den regionen med best helse i landet. Dette vil være bærande for forskinga og utdanningane ved Idrettshøgskulen på Vestlandet.

Samtidig vil ein «School of Sport Sciences» vera med på å operasjonalisere både profilområde 1 (helse, omsorg, velferd) og profilområde 2 (danning, kultur og samfunn), og dermed gje godt høve for dei ulike fagfelta og framleis stå samla og veksa på det, samtidig som dei kan jobbe tverrfaglig på tvers av fakultet.

**Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet).**

Idrettsutdanning er mange tilfelle praksisnær og prega av det. Utdanninga i Sogndal har ulike retningar. Me tilbyr bachelor og masterutdaningar innan Friluftsliv, Kroppsøving, Fysisk aktivitet og helse og Toppidrett. Fleire av desse utdanningane vert og heilt eller delvis tilbydd ved HiB og HSH. Utdanningane har god søknad, godt rykte med nøgde studentar og god gjennomstrøyming. Den samla idrettsutdanninga ved den høgskulen vil dermed kunne ta ein nasjonal rolle, og i nokre tilfelle internasjonal rolle. HVL bør profilera seg på idrett.

Me kan til dømes ta utgangspunkt i nokre av forskingsprosjekta ved HiSF. ASK er i ein særstilling og eit prosjekt som er internasjonalt kjent. Men det er og fleire prosjekt som kan sjåast i lag. Om ein ser PRESPAS, ASK og ISRAE-prosjekta i samanheng, er dei nettopp prega av å vera praksisnære, med fokus på fysisk danning for menneske i ulike fasar i livsløpet. Det vil eg tru er noko å profilera og nasjonalt eineståande. Eit anna område kan byggast vidare ut frå KICK-prosjektet der me samarbeid og det å gå i takt med praksisfeltet; både toppidretten og næringslivsaktørar, er heilt avgjerande for felles TILLITT og TRUVERDE. Om ikkje me er praksisnære får me heller ikkje tak i gode prosjekt på området. Men det har me fått til og utviklinga er spennande. Her er det mange potensielle samarbeidsprosjekt. Med den nye høgskulen og tre lag i eliteserien i fotball for menn (der det per i dag er nært samarbeid mellom forskingsmiljø ved høgskulen og fotballklubbane i Sogndal og i Brann) bør det vera ein unik sjanse til å utvikla godt samarbeid mellom utdanning og praksisfelt! Idrett kan vera nasjonalt leiande og ha mulegheit internasjonalt:

#### Kap 4

#### **Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde**

Vårt forslag er basert på at idrettsomgrepet må forståast breitt. Eit akademisk fag er kjenneteikna av ei kunnskapsutvikling som er forskingsbasert. Derfor kan det vera nyttig å sjå til korleis idrettsomgrepet eller den engelske ekvivalenten «sport» blir brukt i idrettsforskning. I tidsskriftet til den europeiske foreininga for idrettsforskarar, *European Journal of Sport Science*, blir idrett/«sport» definert

«inclusively to refer to all forms of human movement that aim to maintain or improve physical and mental well-being, create or improve social relationships, or obtain results in competition at all levels».<sup>1</sup> Nasjonalt har Norges idrettshøgskole (NIH) eit særleg ansvar for forskning og utdanning innan idrettsvitenskap. Dei legg ei brei forståing av idrettsomgrepet til grunn, skildrar fagprofilen sin som «utprega tverr- og fleirfagleg» og spesifiserer dette slik: «På NIH studerer vi organisert idrett, kroppsøving, dans, friluftsliv, mosjon og trening i alle former. Vi hentar perspektiv frå naturvitenskap, samfunnsvitenskap, humaniora og medisin.»<sup>2</sup>

Frå eksempla ovanfor ser ein at idrettsvitenskap får ei brei tyding og at problemfeltet eller kunnskapsobjektet til idrettsvitenskap handlar om å undersøkje ulike former for menneskeleg bevegelse som varierer i ulike kontekstar, har ulike mål og at ei idrettsfagleg tilnærming til kunnskapsobjektet vanlegvis er fleir- eller tverrfagleg. Vi har valt å bruka omgrepa «bevegelse» og «fysisk aktivitet» om det tilsvarende same fenomenet, dvs. menneskekroppar som forflyttar seg eller som endrar kroppshaldning, men med ei bevisstheit om at omgrepa kan ha ulike vitenskapsteoretiske og epistemologiske røter. Til dømes har omgrepet fysisk aktivitet stått sterkt i ein medisinsk, naturvitenskapleg del av idrettsforskninga, medan omgrepet bevegelse har blitt tydeleg brukt i pedagogiske diskusjonar som kjem frå samfunnsvitenskaplege eller humanistiske perspektiv. I dag ser ein også at omgrepa blir brukt om kvarandre frå forskarar som kjem frå ulike faglege tradisjonar. Ein bevisst variasjon i bruken av dei to omgrepa er til dømes meint å gje studentane i masterutdanninga vår kunnskap om og utfordringar til å handtera delar av idrettsvitenskapens fleir- og tverrfaglege eigenart.

Med det som utgangspunktet kan me og kommentera det tverrfagleg satsingsområde nummer 1. «*livsstil, fysisk aktivitet og helsefremming*». Under dette punktet, som handlar om folkehelse i brei forstand, er det nemnt at me i vårt velferdssamfunn har særlege livsstilsutfordringar, til dømes overvekt. Ei løysinga på overvektsproblematikken kan vera tilrettelagt fysisk aktivitet og betre ernæring. Ut frå omgrepdiskusjonen over vil det likevel vera snevert å berre snakka om fysisk aktivitet i medisinsk betydning. Her kan det vera fornuftig å sjå menneske i holistisk perspektiv, og trekka inn både samfunnsvitenskapleg og humanistisk kunnskap for å betre kunne tilrettelegga for varig livsstilsendring og kanskje til og med forklare kvifor Vestlandet scorar så høgt på levekårsindikatorar.

Fagmiljøa må ha regional forankring og fagleg basis. Det kan me på mange måtar hevda at me har. Ein stor fordel med å vera geografisk plassert i Sogn og Fjordane er nærkontakten me har med praksisfeltet. Dette har gjort det muleg å køyra fleire store forskingsprosjekt inn mot personar i alle aldersgrupper, og mot skular og barnehage. Det gjer idrettsvitenskapen til ein tydeleg bidragsytar inn mot profileringsområde 2 «Danning, kultur og didaktikk» der me har erfaring både i form av forskingsprosjekt og læringsprosjekt. Eit område HVL har høg kompetanse er på vurdering i kroppsøving. Her har me hatt og det er på gang

1

<http://www.tandfonline.com/action/journalInformation?show=aimsScope&journalCode=tejs20#.V6OyO7iLQU>

2 <http://www.nih.no/om-nih/>

samarbeidsprosjekt mellom fagpersonar ved HiSF, HSH og HiB. Dette er eit område me kan profilera oss. Det finnest lite nasjonal forskning på dette og me vil kunne ha ein leiande nasjonal rolle innan dette fagfeltet i tida framover.

Me kan og finne at noko av vår aktivitet i profileringsområde 4: «innovasjon, kreativitet, entreprenørskap» Studentane på Friluftsliv er aktive med studentbedrifter og entreprenørskap for å skapa sine eigne framtidige arbeidsplassar og miljøet i forskingsprosjektet KICK har ein uteksaminert masterstudent nettopp får midlar til å driva teknologisk innovasjon ved utviklinga av ein applikasjon (Better Player) som kan nytast inn mot styring av treningskvardag for idrettsutøvarar.

## Kap 5

### **Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»?**

Utfordringa blir å få til effektiv samkøyring og samtidig vidareutvikle lokal profilering (regionen sine behov og campusen sin eigenart). Idrett er eit fagmiljø som kan få til effektiv samkøyring, men og halda fram med auka profilering. Nokre fagområde er me spesielt gode på i Sogndal, eller i Bergen, eller på Stord. Og nokre fagområde kan me bli felles gode på (t.d. GLU- vurdering for læring). Me kan og utvikla felles forskingsprosjekt over to campus (t.d. prosjekt om folkehelse og læring i Sogndal og Bergen).

Me støttar at det blir oppretta ein eigen arbeidsgruppe for å operasjonalisera gode prinsipp. Samansetning av ei slik arbeidsgruppe må kunne reflektere eller representera dei ulike campusane og kulturane (det treng ikkje vera ein sams kultur ved dei ulike campusane). Det er med andre ord viktig å få tak på felles kulturar som og kan vera utanfor dei typiske profesjonsyrka (t.d. lærar, sjukepleiar, ingeniør). For å få til dette er det viktig at slike arbeidsgrupper er representert både med instituttleiingar og programansvarlege for dei ulike (idretts)utdanningane.

### **Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?**

Styring utan å øydelegga faga? Alt må ikkje pressast inn i typiske profesjonsstudiar. Nokre fag må halda på sin eigenart.

## Kap 6

### **Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling?**

Sjølv om fusjonsavtalen gjev føringar for at HVL skal ha som overordna ambisjon om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet i 2023, så vektlegg den overordna visjonen profesjonsretninga i større grad enn arbeidslivsretninga. For idrettsvitskapen hadde det vore bra om det arbeidslivsretta vart gjort meir tydeleg.

### **Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?**

Ja, det gjer dei. Måla og operasjonaliseringa er generelle og gode. Dei fleste miljøa vil føla gjenkjenning til dei tre hovudpunkta på s.19

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Ansvarleg      Prosjekt **Fagleg plattform, profil og strategi**

Utsendar      Prosjektsekretariatet